



Seim Bygg AS
Nesbrekka 28
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/3806 - 18/2405

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
08.02.2018

Førebelsvar - trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 185/298 Isdal

Tiltak: Einebustad med garasje
Byggjestad: Gbnr: 185/298 Øykjetona 7
Tiltakshavar: Baard Ivar Olstad
Ansvarleg søkjar: Seim Bygg AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 29.12.2017.

Saka gjeld søknad om oppføring av einebustad med garasje og terrengmurar på eigedom gbnr. 185/298. Det er gjennomført førhandskonferanse i saka.

Planstatus

Eigedomen er omfatta av reguleringsplan Juvikstølen. Del av gnr. 185 Isdal felles/planid.: 1263-07022002. Eigedomen er i planen avsett til bustadføre mål og merka som område B9 på gjeldande plankart. Eigedomen har regulert avkøyrslø.

Avstand til grense, murar

Omsøkte murar på eigedomen er plassert nærare grense enn 4 meter, slik plassering krev at det enten ligg føre naboerklæring, eller at det vert søkt om dispensasjon frå plan- og bygningslova § 29-4. Naboerklæring innhentast frå gbnr. 185/280 og 185/346 Lindås tomteselskap AS.

Avstand til grense, garasje

Omsøkt garasje heng saman med bustad på eigedomen, som del av bustaden krev omsøkt plassering at det vert innhenta naboerklæring frå gbnr. 185/318 Juvikstølen boretteslag. Evt. ei skriftleg erklæring om at garasjen er frittliggjande.

Avstand til kommunal VA-trase, murar

Omsøkte murar er plassert nærare kommunal VA-trase enn 4 meter, omsøkt plassering krev at det vert søkt Lindås kommune ved Teknisk drift om løyve til plassering jf. gjelnde VA-norm. Ta kontakt med Teknisk drift ved VA-avdelinga for yttarlegare rettleiing.



Kryss mellom FV4 og Veg 4

Omsøkte murar på eigedomen er plassert ut mot regulert privatveg FV4 og regulert offentleg veg Veg4. Vi ber om at det vert levert inn oppdatert situasjonskart som syner at frisktsoner er ivareteke i krysset, jf skildring i søknad om dispensasjon frå byggegrense mot vei og friomåde datert 27.12.17.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Naboerklæring frå gbnr. 185/280 og 185/346 Lindås tomteselskap AS, for plassering av murar nærare eigedomsgrænse enn 4 meter.
2. Naboerklæring frå gbnr. 185/318 Juvikstølen boretteslag, for plassering av bustad med garasje nærare eigedomsgrænse enn 4 meter, eventuelt ei skriftleg erklæring på at garasjen er frittliggjande.
3. Løyve til plassering av murar nærare kommunal VA-trase enn 4 meter jf. gjeldande VA-norm, ta kontakt med Teknisk drift.
4. Oppdatert situasjonsplan som syner at frisktsoner er ivaretek i kryss mellom FV4 og Veg 4.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 15.03.18. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

naboerklæring skjema vnr 20160203

Kopi til:

Baard Ivar Olstad

Veråsvegen 120 5955

LINDÅS

Kopi til:

Baard Ivar Olstad
Seim Bygg AS

Veråsvegen 120 5955
Nesbrekka 28 5912

LINDÅS
SEIM

Mottakarar:

Seim Bygg AS

Nesbrekka 28 5912

SEIM